

Fiskeri- og Kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 OSLO

## **UTTALE TIL HØYRING – FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN**

### **Generelt**

Vi viser til høyringsbrev fra FKD: *Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden.*

Hordaland Bondelag er oppteken av næringsretta bruk av naturressursane innanfor ei bærekraftig forvalting, der både rettshavarar og tiltakshavar tek sitt naturlege ansvar.

Som grunneigarorganisasjon med distriktsprofil, ser vi også trangen for arbeidsplassar og verdiskaping lokalt. Såleis representerer oppdrettnæringa ei viktig næring. Samstundes vil vi trekke fram rekreasjons- og næringsverdiane som villfiskbestandar av laks og sjøaure utgjer. Tilhøva mellom desse interessene må balanserast, og akvakulturverksemda må i tilstrekkeleg grad ta omsyn til den naturlege produksjonen.

Med bakgrunn i den kritisk situasjonen i Hardangerfjorden, meiner vi det er naudsynt med ei føreskrift som fangar opp utfordringane i fjordbassenget, både for villfisken og oppdrettsnæringa. Det hastar spesielt med verkemidlar og tiltak som reddar restane av villfiskbestandane - som grunnlag for sikring av biologisk mangfald, oppattbygging og framtidig næringsutvikling.

Vi sluttar oss til framleggget frå framleggget frå Fiskeridirektoratet, og kjem her med nokre presiseringar:

### **Biomassetak på 50.000 MTB**

Føreslegen reduksjon på biomassetak frå 70 000 til 50 000 tonn, vil ikkje føre til faktisk nedgang i høve til i dag, sidan produksjonen i flg. Høyringsbrevet frå FKD ikkje var over denne grensa i 2008. Spørsmålet er difor om føreslege tak vil gje tilstrekkeleg, positiv verknad for villfisken i fjordbassenget.

## **Lakselus og rømd oppdrettsfisk – konkrete miljømål**

Vi tillet oss å vise til forskingssamarbeid mellom ulike fagmiljø som dokumenterer at lakselus og rømd oppdrettsfisk representerer dei største trugsmål for villfiskbestandane i Hardangerfjorden ( i tillegg til at faktorane gjev store tap og utfordringar for næringa sjølv).

Vi føreset at dette er ei erkjenning som alle partar held seg til, og tek konsekvensen av. Den tilgjengelege kunnskapen må difor leggje klare føringar for innhaldet og reguleringane i føreskrifta. Det er viktig med konkrete mål og tiltak som venteleg vil gje positive verknadar. Definerte miljømål bør trekkjast inn, eller koplast opp mot føreskrifta. I dette høve er det naturleg å peike på Fiskeridirektoratet sine framlegg til mål:

- Det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 % rømd oppdrettsfisk i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinsø, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømd fisk er gjennomført.
- Det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 lus per utvandrande laksesmolt fanget i verkeområdet for forskrifa.
- Det skal ikkje vera prematurt tilbakevendret sjøaure i elvosen før 15. juni, og heller ikkje store opphopningar med tydeleg lakselusskada sjøaure seinare i sesongen. Begge deler gjeld for alle vassdrag innan verkeområdet for forskrifa.

Vi har ikkje god nok fagleg innsikt til å trekke fram dei beste miljømål, men ser det som naturleg at relevante fagmiljø vert involvert for fastsetjing av desse. Og utan definerte miljømål, ser vi det som vanskeleg å følgjer opp og kontrollere verknadane av føreskrifta.

Ved rømming av oppdrettsfisk er det svært viktig med rask og god rapportering. Slike rutinar og regelverk førelig som kjent i dag. Vi vil likevel spørje om det er fornuftig og rasjonelt å sjå ytterlegare på desse forholda i samband med føreskriftsarbeidet.

Ein prioritert forvaltingsstrategi er å fjerne rømd oppdrettsfisk frå gyteplassane i elva. Sidan oppdrettfisk kan rømme i ein tidleg livsfasen, vil det oppstå vanskar med å skilje den frå villfisken i elva. Vil lurer difor på om det er mogeleg å innføre system i oppdrettsanlegga som lettare kan skilje oppdretta fisk frå villfisk – dersom dette er eit felt som fell inn under føreskriftsarbeidet. Elles meiner vi det er naturleg å etablera finansieringsordningar for uttak av oppdrettfisk i elvane.

## **Regionalt samarbeid**

Den komande føreskifta bør danne grunnlag og referansepunkt for kontakt mellom ulike aktørar om forvaltinga av Hardangerfjorden, med oppfølging av rammeverket.

Vi ser det difor som naturleg at føreskrifta trekk opp kontaktpunkt og samarbeidstiltak mellom villfiskinteresser, oppdrettsnæring og offentlege forvalting.

Bondelaget ser på god organisering som viktig i alle samanhengar, og meiner generelt at dei private aktørane bør finne fram til tenlege ordningar. Men vi oppfattar føreskrifta som eit tiltak i ein krisesituasjon, og kan såleis forsvere at samarbeidsordningar vert trekt opp i føreskriftsform.